




**ROLLESPEL:** Ungdommane fekk gå inn i roller for å kjenna litt på korleis det var å leva for to hundre år sidan. Her gjekk det i tøffe forhandlingar mellom bønder og kjøpmenn om kornprisen, basert på verkelege hendingar i Bergen i 1814.



**EINSFORMIG:** Flatbrød av tang- og barkmjøl, heimekinna smør og graut var kvardagskost på 1800-talet. Poteta var på veg inn, og salta nubbesild var den tidas godteri.



**ETTERTENKSAME:** Simone Olsen og Sjur Skår Møvik reiste heim att frå Lyngheiseretret med ei kjensle av takksemnd over kor godt me har det i dag.

# Tilbake til 1800-talet

**LINDÅS:** I helga kunne ungdomsskuleelevar som besøkte Lyngheiseretret få eit innblikk i kvardagslivet i Nordhordland for to hundre år sidan.

Av Ella Sandra Dahl Berland

I samarbeid med Museumssenteret i Hordaland hadde Lyngheiseretret i helga ei innføring i korleis livet var for nordhordlendiane på 1800-talet, både politisk og med omsyn til levekår.

– Det har vore ein veldig interessant og lærerik dag her, seier femtenåringane Simone Olsen og Sjur Skår Møvik frå Meland ungdomsskule.

– Me har lært korleis det var under Napoleonskrigen, som førte til handelsblokaden mellom Noreg og England og gjekk ut over tilgangen på korn. I til-

legg har me laga mat som dei åt på den tida, seier dei.

**– Me har det godt!**

I løpet av dagen på Lyngheiseretret fekk elevane sankta tang, kverna tang-mel og laga graut og flatbrød av bark og tang frå grunnen av, forutan å kinna smør. Simone og Sjur syntest det var veldig interessant å smaka på maten dei hadde laga. Dei syntest ikkje at det smakte så altfor godt.

– Det var ikkje noko me kunne tenkt oss til laurdagskosen, akkurat, smiler dei.

– Maten dei åt før var veldig einsformig! Etter denne dagen kjenner me at me set pris på forholda i dag. Maten er mykje meir tilgjengeleg, og i eit uendeleg utval. Me treng heller ikkje å bruka mykje tid og ressursar på å laga den, seier dei ettertenksamt.

Dei legg til at dei òg er heldige som slepp å sy sine egne klede.

– Me har det verkeleg godt samanlikna med den gong, fortel dei.

**Annléis undervisning**

Elevane deltok òg i eit lære-



**OVERBEVISANDE:** Fv. Bente Semmingsen Fivesdal, Astrid Bergås Pletten, Ingrid Haugrønning (Norsk Trikotasjemuseum), Torhild Kvingedal, Lars Voss Sørhus (Norsk Trikotasjemuseum) og Trond Solberg gjekk heilt inn i 1800-talsrolla med klede som bønder og embetsmenn.

rikt rollespel basert på verkelege hendingar i samband med handelsblokaden og kornforhandlingar i 1814. Rollespelet er skrivne av Lars Voss Sørhus. Då delte dei seg i tre grupper; bønder, kjøpmenn og embetsmenn, der bøndene ønskte ein halvering av kornprisen, noko kjøpmennene nekta, fordi dei då måtte selja kornet utan forteneste. Då dei ikkje gjekk med på dette, truga embetsmennene med å beslaglegga korntønnene og selja det til same pris, så bøndene kunne overleva.

– Det var veldig gøy med rollespel, seier Simone og Sjur.

Dei spelte bønder, og fortel at rollespelet var ein interessant måte å læra historie på.

**Engasjerte ungdommar**

Museumssenteret i Hordaland arrangerte same opplegg helga for på utvandringssenteret på Sletta, og veka etter påske på Osterøy, med midlar frå Den Kulturelle Skulesekken. I samband med 200-års jubileet for grunnlova, ønskjer dei å opplysa ungdom i Nordhordland meir om korleis strilende levde.

– Me snakkar om verkelege heita i 1814, sjukdommar og demokrati, Napoleonskrigen og konsekvensane av handelsblokaden, seier Ingrid Haugrønning frå Norsk Trikotasjemuseum. Ho fortel at to tredjedelar av

norske bønder var avhengige av å kjøpa korn for å overleva. Dei selde smøret og kjøtet, fordi ein vart meir mett på korn.

– Men det var uår på grunn av ei fleirårig kald periode, seier ho. – På den tida kosta eit brød opp i 190 kroner i dagens kronkurs, legg Lars Sørhus til.

– Så kva et ein når ein ikkje har korn? Då må ein finna andre ting som kan droya, og då skar dei bark og tørka tang, fortel dei.

Ei utfordring som følgje av dårleg kosthald og matmangel var oppblomstring av sjukdommar, og ein tredjedel av borna døydde for dei vart ti år.

På trass av ei røff historie, syntest dei det er veldig interessant å formidla.

– Det er utruleg artig å jobba på denne måten, smiler dei.

Bente Semmingsen Fivesdal legg til at det er kjekt å sjå når ungdommane reiser tilbake i tid.

– Og veldig kjekt å sjå kor engasjerte ungdommane vert, seier Bente Semmingsen Fivesdal.

– Det er imponerende å høyra kor mykje dei reflekterer over det dei har lært, smiler ho.